

Møteprotokoll STYREMØTE FNF Møre og Romsdal

Dato: Tysdag 25. april 2017
Stad: FNF sine lokaler i Idrettsvegen 2 i Molde
KI: 1030 - 1315

Sakliste

Frammøtte; Åsa Fredly (NJFF), Ola Fremo (FNR), Åsmund Steen (ÅST), Øystein Folden (NAT). May Britt Haukås (SF) var ikkje fysisk til stades men telefonisk.

Sak 10.17 Godkjenne referat frå styremøte 14 feb. 2017

Vedtak:

Styret godkjente referatet frå møtet 14.02.2017 utan merknader.

Sak 11.17 Handlingsplan for 2017

Vedtak:

Dei løyvde kr 240 000 er unike ved at dette blir løyvd berre ein gong. Det blir prioritert å yte tilskot der to eller fleire av medlemsorganisasjonene samarbeider og som er i tråd med handlingsplana for 2017. Elles tenkjer ein å nytte midlane som eit gode for medlemsorganisasjonane, kompetansebyggande, medlemsaukande, treff fleire organisasjonane. Søknader over kr 50 000 kan bli delfinansiert. FNF sett ein frist til medlemsorganisasjone å søkje til **1 juni**. Styret i FNF Møre og Romsdal bestemmer i møte medio juni korleis midlane blir fordelt.


Sak 12.17 Prosjekt Morostien/Utpåstien

Vedtak:

FNF Møre og Romsdal ser at eit slikt prosjekt (arbeidstittel «utpåstien») kan vere teneleg for friluftslivet. Ein viktig føresetnad om å gå inn i eit slikt prosjekt er at ein tek dei nødvendige vurderingar etter naturmangfoldlova tidleg i prosessen. Slik vi ser det er dagsturhytta berre ein del av behovet mange stader. FNF Møre og Romsdal ønskjer at ein greier ut koleis ein eventuelt kan lage eit slikt prosjekt. Vi tek kontakt med fylkeskommunen (og finans) og høyrer om dette kan vere ein god ide.

Sak 13.17 Gummigranulat på avvegjar

Vedtak:



forum for
natur og friluftsliv
Møre og Romsdal

FNF Møre og Romsdal sender eit spørsmål til Fylkesmannen om korvidt forureininga frå kunstgrasbanene krev utsleppsløyve.

Sak 14.17 Styringsdokument for FNF

Vedtak:

FNF Møre og Romsdal støttar forslag til ny tekst i styringsdokumentet.

Sak 15.17 Rekneskapsføring for FNF

Vedtak:

FNF Møre og Romsdal velger Øystein Folden som rekneskapsfører/kasserer. Fullmakt til å nytte FNF sin bankkonto er knytt til rekneskapsfører og koordinator. Koordinator attesterer bilag til vanleg, eit styremedlem når koordinator betaler/når utbetalinga vedkjem koordinator. Honorar for rekneskapsfører for 2017 er satt til kr 4000.

Sak 16.17 Sal av statsskog-eigedomar

Vedtak:

FNF Møre og Romsdal sender eit brev til Gjemnes og Molde kommune og oppfordrer kommunane til å kjøpe stateigedomane som no er til sals. Dette knytt til at det er store verdiar innan natur, jakt og fiske og at det er pårekeleg at kjøpa blir fullfinansiert ved statleg erverv til sikra friluftsområde.

Referat og muntlege orienteringar

A - Verneområdestyra – vald inn i styret for Trollheimen; Ragnar Halle og vara Tove Hundseth, ar kontakt med Nordlandsforskning som følgjer opp styrearbeidet

B - Friluftslivets veke 2016 og 2017

Åsa Fredly
Styrelsiar

Ingbjørn Bredeli
FNF-koordinator